

Faktor 9: Meistringsklima

I eit meistringsklima motiverast medarbeidarane av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å verte best. Eit meistringsklima stimulerer til betre bruk og deling av kompetanse. Motsatsen er eit såkalla prestasjonsklima, der medarbeidarane motiverast av å verte best i konkurranse med andre.



illustrasjon: Pia Olsen

Forsking viser at meistringsklima gjev betre grunnlag for læring, oppgåvemotivasjon, innsats og uthald over tid enn prestasjonsklima. Eit meistringsklima blant medarbeidarane er avgjerande for medarbeidarane sine moglegheiter til å nytte relevant kompetanse. Resultata vil nesten alltid bli betre i eit meistringsklima, spesielt når me snakkar om komplekse, kompetansekreivjande oppgåver.

Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator):

«I mi avdeling/arbeidsgruppe vert medarbeidarane oppmuntra til å samarbeide og utveksle tankar og idear»

Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

| God leiing – kva vil du forsterke? | | Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke? | |
|------------------------------------|---|--|--|
| 1. | Eg oppfordrar mine medarbeidarar til å dele kompetanse og gje ros når eg ser at dette skjer i organisasjonen. | 1. | Eg delar kompetanse og bidreg på læringsarenaer med mine erfaringar. |
| 2. | Eg legg til rette for gode kollektive arenaer der deling av kompetanse og utvikling av god praksis kan finne stad. | 2. | Eg kjem med forslag til korleis me kan organisere og leggje til rette for læring i vår organisasjon, og kva arbeidsformer som gjev styrst utbytte for meg. |
| 3. | Eg syter for at me har mange ulike arbeidsformer og møteformer som gjev energi og mening, og som bidreg til at alle tek ansvar og lærer av kvarandre. | 3. | Eg gjev anerkjenning til kollegaer når dei bidreg til godt samarbeid, felles læring og gode resultat. |
| 4. | Eg oppfordrar til utstrekt samarbeid om oppgåveløysing og synleggjer synergjar me får av samarbeid – vise at «2+2 = 5». | 4. | |
| 5. | Eg syter for å gje honnør til alle som har gjort ein god innsats / levert gode resultat, men unngår kåringar av den beste fordi dette fremjar konkurranse og ikkje samarbeid. | | |